



Dato: 19.09.2014

Vår ref: 14/1214 - GSK (14/25272)

Dykkar ref:

Svar på høyring om endring av grensa for når abort kan innvilgast

Stavanger biskop takkar for høvet til å uttala seg om endring av grensa for når ein kan innvilga abort.


Forslaget er ei oppdatering av lovverket ut frå når ein kan venta at eit foster er levedyktig, det vil seia etter 22. svangerskapsveke, i følgje den medisinske utviklinga.

Stavanger biskop er glad for at det ligg ei felles forståing bak abortlova om at eit foster som er levedyktig har sjølvstendig rettsvern. Det er positivt og viktig at lovverket blir oppdatert, slik at desse fostera blir trygga.

Biskopen minner om at også yngre friske fostre som utviklar seg normalt vil bli levedyktige. Derfor burde ein vurderer om ikkje rettsvernet burde strekka seg lenger, sidan det verken er etisk eller filosofisk nødvendig å knytta rettsvern til sjølvstendig levedyktigheit.

Endringsforslaget er ei logisk oppdatering av lovverk og praksis i dag, men biskopen meiner også at ein ettertenksom, open og fagleg nyansert etisk refleksjon om premissa for dagens praksis ville vore nyttig, ikkje minst med tanke på det ansvaret og dei moglegheitene ein har overfor dei veksande fostera som ikkje har kome langt nok til å klare seg åleine.

Møt helsing


Erling J. Pettersen
biskop



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger biskop

Dato: 19.09.2014

Vår ref: 14/1214 - GSK (14/25272)

Dykkar ref:

Svar på høyring om endring av grensa for når abort kan innvilgast

Stavanger biskop takkar for høvet til å uttala seg om endring av grensa for når ein kan innvilga abort.


Forslaget er ei oppdatering av lovverket ut frå når ein kan venta at eit foster er levedyktig, det vil seia etter 22. svangerskapsveke, i følgje den medisinske utviklinga.

Stavanger biskop er glad for at det ligg ei felles forståing bak abortlova om at eit foster som er levedyktig har sjølvstendig rettsvern. Det er positivt og viktig at lovverket blir oppdatert, slik at desse fosterne blir trygga.

Biskopen minner om at også yngre friske fostre som utviklar seg normalt vil bli levedyktige. Derfor burde ein vurderer om ikkje rettsvernet burde strekka seg lenger, sidan det verken er etisk eller filosofisk nødvendig å knytta rettsvern til sjølvstendig levedyktigheit.

Endringsforslaget er ei logisk oppdatering av lovverk og praksis i dag, men biskopen meiner også at ein ettertenksom, open og fagleg nyansert etisk refleksjon om premissa for dagens praksis ville vore nyttig, ikkje minst med tanke på det ansvaret og dei moglegheitene ein har overfor dei veksande fosterne som ikkje har kome langt nok til å klare seg åleine.

Med helsing


Erling J. Pettersen
biskop